



ULSTEIN KOMMUNE



Leve heile livet



Ei kvalitetsreform for eldre

Vedteke i kommunestyret 21.02.2019

Innhald

| | |
|---|----|
| | 0 |
| Innleiing | 2 |
| Bakgrunn | 2 |
| Samansetjing og mandat | 2 |
| Samandrag av Meld.St.15 «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» | 3 |
| «Leve heile livet» i Ulstein | 5 |
| Arbeidsgruppa | 5 |
| Brukarmedverknad og demokrati | 5 |
| Ressursbank | 6 |
| Arbeidsgruppa sine anbefalingar | 7 |
| 1. Eit aldersvenleg Noreg | 7 |
| 2. Aktivitet og fellesskap | 8 |
| 3. Mat og måltid | 9 |
| 4. Helsehjelp | 10 |
| 5. Samanheng i tenestene | 10 |
| Oppsummering og konklusjon | 11 |

Innleiing

Bakgrunn

Eli Skaatun tok initiativ til at Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skulle få framlagt *Meld.St. 15 (2017-2018) – Leve hele livet, en kvalitetsreform for eldre*. Stortingsmeldinga vart lagt fram for Fellesrådet som meldings sak i møtet 5. juni 2018, jf. RS 18/6. Fellesrådet vedtok at det skulle opprettast eit utval/arbeidsgruppe som skulle gå gjennom stortingsmeldinga. Arbeidsgruppa skulle vurdere målsettingane og tiltaka som meldinga inneheld, kome med framlegg til kva som kan brukast og tilpassast i Ulstein kommune, og kome med andre forslag som kan auke livskvaliteten for eldre i Ulstein.

Samansetjing og mandat

Ottar Kaldhol, leiar i Fellesrådet, og Eli Skaatun, nestleiar i Fellesrådet, fekk fullmakt til å setje saman utvalet/arbeidsgruppa som skulle jobbe med prosjektet. Kaldhol og Skaatun hadde møte 14. juni 2018, og dei vedtok at arbeidsgruppa skulle ha ei samansetjing på fem representantar der interesseorganisasjonane skulle vere representert.

Interesseorganisasjonane i Fellesrådet fekk ein e-post med oppmoding om å oppnemne personar som skulle vere med i arbeidsgruppa.

Saka vart vidare fremja av Ottar Kaldhol og lagt fram av ordførar Knut Erik Engh i Ulstein kommunestyre sitt møte 21. juni 2018 som eventueltsak. Følgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

- 1. Ulstein kommunestyre viser til initiativ i frå fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne om å opprette ei arbeidsgruppe som skal gå gjennom St.melding nr 15 «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre». Kommunestyret godkjenner at det vert oppnevnt ei arbeidsgruppe med 5 medlemmer utpeikt av fellesrådet. Eli Skaatun skal leie arbeidsgruppa.*
- 2. Arbeidsgruppa skal vurdere målsettingane med meldinga og tiltaka som meldinga inneheld og kome med framlegg til kva som kan brukast og tilpassast i Ulstein kommune og andre forslag som aukar livskvaliteten for eldre i Ulstein.*
- 3. Arbeidsgruppa skal også kartlegge korleis dagens eldreomsorg er organisert innanfor dei 5 satsingsområda som meldinga trekk fram.*
- 4. Anbefalingane frå arbeidsgruppa skal leggjast fram for kommunestyret som melding i løpet av oktober 2018, og skal deretter nyttast som grunnlag for administrasjonen sitt arbeid med å fremje ei eiga sak om organisering av eldreomsorga i Ulstein som skal leggjast fram til politisk handsaming i løpet av første halvår 2019.*

5. Rådmannen skal sørge for at arbeidsgruppa kan hente inn faglege innspel frå eigen organisasjon.
6. Medlemmane av arbeidsgruppa vert honorert med kr 450 pr. møte.

Følgjande personar og interesseorganisasjonar vart oppnemnde:

| NAMN PÅ REPRESENTANT | INTERESSEORGANISASJON |
|----------------------|--|
| Eli Skaatun (leiar) | Norsk forbund for menneske med psykisk utviklingshemming (NFU) |
| Randi Lillevik Flø | Hørselshemmedes landsforbund (HLF) |
| Janlaug Dimmen | Ulstein Revmatikarlag |
| Tormod Hegvik | Ulstein/Hatlø Pensjonistlag |
| Knut Konrad Teige* | - |

**Knut Konrad Teige kom inn som erstattar for Anne Karin Dalehamn (Ulstein Pensjonistlag). Han er aktiv pensjonist med brei erfaring, og representerer ikkje nokon bestemt interesseorganisasjon.*

Samandrag av Meld.St.15 «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre»

Dei fleste eldre i Noreg lev gode liv. Dei formar sin eigen kvardag, dei er aktive og deltek i sosiale fellesskap. Dei får gode helse- og omsorgstenester når det trengst , dei bidreg med sine ressursar i jobb, for familie og venner, eller i nærmiljøet.

Alle eldre bør fortsette å ha desse gode kvardagane også når helsa etter kvart kan svikte og det offentlege må trå til med eit omsorgstilbod. Kva løysingar dei enkelte kommunane har, kan vere tilfeldige, og variere frå stad til stad. Dette medfører at tilbodet ikkje er godt nok, og kvaliteten på tenestene til eldre varierer for mykje.

Kvalitetsreforma «Leve hele livet» har fem innsatsområder der ein veit at tilbodet kan svikte og variere.:

1. Eit aldersvenleg Noreg
2. Aktivitet og fellesskap
3. Mat og måltid
4. Helsehjelp
5. Samanheng i tenestene

Innsatsområda er nært forbunde med kvarandre, det er ein sterk samanheng mellom dei ulike temaa. Reforma skal løfte fram dei fem innsatsområda kvar for seg og saman.

Reforma byggjer på kva tilsette, eldre, pårørande, frivillige, forskarar og leiarar har sett fungere i praksis, og kva som løftar kvaliteten på tenestene slik at dei bidreg til ein trygg, verdig alderdom. Reforma legg opp til at eldre skal få brukt ressursane sine, og dekt behova sine i dei ulike fasane av alderdomen. Det handlar om å skape eit meir aldersvenleg samfunn der eldre kan leve gode liv og delta i fellesskapet.

Regjeringa legg opp til ein prosess der kommunestyra handsamar og vedtek korleis reforma sine løysingar kan innførast. Når dette er gjort, og kommunane har beskrive korleis dei vil utforme løysingane, startar arbeidet med å gjennomføre reforma. Kommunar som omstiller seg i tråd med reforma vil verte prioritert innanfor relevante eksisterande og eventuelle nye øyremerka ordningar. Reformperioden startar 1. januar 2019 og vil vare i fem år med ulike fasar for planlegging, gjennomføring og evaluering.

Gjennom «Leve heile livet» signaliserer regjeringa ein ny og berekraftig politikk som skal sikre alle innbyggjarar ei god og trygg alderdom. Det inneber både tenester og tilbod, men også eit samfunn der eldre får brukt sine ressursar.

«Leve heile livet» handlar ikkje om system, men om menneske – det som er viktigast i livet; Fellesskap, aktivitet, god mat og helsehjelp. Med «Leve heile livet» skal eldre få moglegheit til å meistre eig liv, der dei bur, heile livet.

Målgruppa er eldre over 65 år, både dei som bur heime og dei som bur i institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike føresetnadar og store variasjonar i behov og ønskje. Reforma er særleg retta mot helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar må bidra for å skape eit meir aldersvenleg samfunn der eldre kan vere aktive og sjølvstendige.

«Leve heile livet» i Ulstein

Arbeidsgruppa

Arbeidsgruppa «Leve heile livet» har i 2018 hatt fire møter: 26. juni, 21. august, 4. september og 15. oktober.

I 2019 har arbeidsgruppa per 18. januar hatt to møter: 15. januar og 18. januar.

Det har i tillegg vore arrangert to brukarkonferansar med ulike ressursgrupper: 28. august og 25. september. Ordførar Knut Erik Engh inviterte eldre- og folkehelseminister Åse Michaelsen til å innleie brukarkonferansen i august, men ho måtte dessverre takke nei til deltaking den dagen.

Anbefalingane frå arbeidsgruppa skulle leggest fram for kommunestyret som melding i løpet av oktober 2018. Arbeidet var meir omfattande enn ein først tenkte, og arbeidsgruppa såg tidleg at denne tidsfristen vart for knapp. Leiar i arbeidsgruppa, Eli Skaatun, har difor hatt munnleg dialog med ordførar og ein har vore einig om å utsetje anbefalingane til kommunestyret sitt møte i februar 2019.

Basert på ein omfattande dialog- og innspelprosess vil arbeidsgruppa fremje anbefalingar til kommunestyret, og desse er særskild retta mot dei fem innsatsområda der ein ser at tilbodet kan svikte og variere.

Brukarmedverknad og demokrati

Arbeidsgruppa i Ulstein har lagt stor vekt på brukarmedverknad og demokrati. Svein Arne Orvik laga ein videosnutt som vart publisert på kommunen si facebook-side. *«Kva trengst for at du skal ha ein god alderdom i Ulstein? Kva bør kommunen stille opp med? Kva kan du bidra med sjølv? Eli Skaatun leier utvalet som jobbar med eldres levkår i kommunen vår. Ho ønsker å høyre frå deg! Kom med dine innspel i kommentarfeltet her – eller på e-post til: livet@ulstein.kommune.no».*

Det kom inn 15 innspel i kommentarfeltet på Facebook, og tre innspel på e-post. Kanskje ikkje det heilt store antalet, men engasjementet på dei som har kome med innspel er stort. Det er flest kvinner som har uttalt seg. Tormod Hegvik og Knut Konrad Teige gjekk difor ut i lokalavisa med oppmoding om innspel frå menn. I etterkant av dette fekk vi inn tre mannlege innspel på e-post. Kort oppsummert har demokratiet talt, og det er desse grunnleggjande behova innbyggjarane ser føre seg i framtida:

- ✓ *Bu heime lengst mogleg og tryggast mogleg.*
- ✓ *Private bufellesskap/kombinasjonsbygg/kollektiv med garasje/bod i underetasjen, kolonial og kafé på bakkeplan. Eldre kan vere med og drifte kafeen. Fellesareal,*

hobbyrom, frisør, fotpleie og sørvisrom. Hage med bær og frukttre. Bustadar der ein kan bu med likesinna, sjå etter og hjelpe kvarandre.

- ✓ *Primærkontakt / digitalt verneombod og hjelp til økonomisk styring, data, søknadar og støtteordningar. Bygge digital sjølvkjensle.*
- ✓ *Sørviskontor og ambulerande vaktmester som kan hjelpe til med førefallande arbeid. Døme: Snømåking, strøing, hagearbeid, setje opp stigen når feiaren kjem, få tunge hagemøblar i hus, skifte lyspære, skifte dekk, reparere hjelpemiddel m.m.*
- ✓ *Kjøp av kommunale og private tenester. Dei eldre er villige til å betale for tenester slik at dei kan bu heime lengst mogleg.*
- ✓ *Bli behandla med kjærleik og respekt, ha trygghet i andre menneske rundt meg. Sleppe å forholde meg til så mange. Ein verdig alderdom for alle.*
- ✓ *Eit menneske å snakke med. Den gode samtalen kan lege mange sår og tankar.*
- ✓ *Heimelaga kortreist mat, og eit glas vin i helga.*
- ✓ *Kultur og song gir livslust, hjelp til å kome meg ut.*
- ✓ *Aktivitetar tilpassa den enkelte. Frisk luft.*
- ✓ *Generasjonsmøter – etablere møteplassar mellom unge og eldre, og organisere aktivitetar på tvers av generasjonane.*

Ressursbank

Ulike ressursgrupper vart kalla inn til brukarkonferanse og dialogmøte, og i ressursgruppene var det representantar frå saniteten, helse og omsorg, frivilligsentralen, koordinerande tenester, kulturetaten, folkehelsekoordinator, kommuneoverlege, teknisk etat v/plan og bygningsavdelinga, prosjektleiar for velferdsteknologi og prosjektleiar for teknologi generelt. Utgangspunktet for brukarkonferansen var å kartelegge nosisituasjonen, og kva draumar ein har for framtida. Dei fleste gruppene leverte presentasjonane sine for vidare arbeid i arbeidsgruppa.

Deltakande representantar frå dei ulike ressursgruppene:

| NAMN | RESSURSGRUPPE |
|------------------|-------------------------------|
| Heidi Strand | Soneleiar, helse og omsorg |
| Gunn Helen Muren | Soneleiar, helse og omsorg |
| Mariette Gjerde | Ergoterapeut |
| Kristine Dale | Folkehelsekoordinator |
| Leif Ringstad | Kultursjef |
| Marit Botnen | Kommunalsjef, helse og omsorg |

| | |
|---------------------|---|
| Anita Sundnes | Teknisk etat, plan og bygningsavdelinga |
| Norunn Kirkebø Elde | Kommuneoverlege |
| Inger Anne Dimmen | Ulstein frivilligsentral |
| Audun Hopland | Prosjektlear, teknologi |
| Hildegunn Utgård | Prosjektlear, velferdsteknologi |
| Kari Janne Ringstad | Koordinerande eining |
| Siw Ulstein | Saniteten |
| Heidi Ulstein | Saniteten |
| Ottar Kaldhol | Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne |
| Karin Ertesvåg | Observatør, fellesrådet |
| Roar Øvrebøe | Observatør, fellesrådet |
| Asbjørn Selbervik | Observatør, fellesrådet |
| Kari Marie Øvrebøe | Sekretær |

Arbeidsgruppa sine anbefalingar

Basert på den omfattande dialog- og innspelprosessen vil arbeidsgruppa fremje følgjande anbefalingar til Ulstein kommunestyre, og desse er særskild retta inn mot dei fem innsatsområda der ein ser at tilbodet kan svikte og variere:

1. Eit aldersvenleg Noreg

A. Samarbeid næringsliv / kommune

- Kommunen må ta initiativet til å etablere eit felles diskusjonsforum mellom kommune og næringsliv.

Forslag til temaa:

- Tilrettelegge forholda slik at arbeidstakarar kan stå lenger i jobb i arbeidslivet.

- Samarbeid med bedriftshelsetenesta for å førebyggje dårleg helse som gjer at arbeidstakarar ikkje klarer å stå i arbeid.
- Kommunen må tilrettelegge for areal til bygging av private bukollektiv (burettslag). Private bukollektiv vil gi eldre moglegheit for å eige eigen bustad. Bukollektiv/-felleskap har enormt store sosiale fordelar.
Døme: DES, De eldres boligspareklubb.
- Kommunen bør også vurdere å drive burettslag der menneske får eige eigen leilegheit. Omsorgsbustadar er ikkje det same som om at ein får omsorg, og bør difor omdefinierast.
- Med bakgrunn i tilbakemeldingar og innspel frå innbyggjarar ser vi behovet for at kommunen opprettar ei stilling som koordinator for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
- Brev til 62+ 66+ og 72+ med informasjon om kommunal forvaltning og korleis ein skal gå fram for å få hjelp, kven som kan hjelpe å skrive søknadar, og klageadgang m.a. Også oppmode om å få tilbake innspel på kva dei eldre ønskjer seg og kva dei ser føre seg av løysingar når dei treng hjelp.
- I all planlegging må ein ha fokus på livslaupsperspektivet og universell utforming, slik at alle blir inkludert frå starten, og det handlar om å sjå på dei eldre som ein ressurs i samfunnet.

B. Tryggheit:

- Kvalitet i tenestene gir tryggheit. Med bakgrunn i dette ønskjer arbeidsgruppa tilbakemelding på korleis hjelpa blir gitt og korleis kvaliteten vert målt.
- Kontroll av tenestene gir tryggheit. Kven kontrollerer, og kor ofte? Kva med avvik - kan pasient/pårørande skrive det? Informasjon om kva moglegheiter ein innbyggjar har må synleggjerast. (Dette bør også inn i informasjonsbrevet til 62++.)
- Kompetanse gir tryggheit. Kommunen bør syte for at dei som kjem inn i heimane og på rommet til dei som treng hjelp, har god kompetanse. Det er naudsynt med god norskkunnskap.
- Velferdsteknologi gir tryggheit. Dette fordrar kunnskap både hos den som gir hjelp og den som mottar hjelp. Regelmessige kurs og informasjonsmøter vil trygge alle involverte.

2. Aktivitet og fellesskap

- Frivilligheitsbank - Tilbakemelding viser at folk kan tenke seg å vere frivillig, men ikkje på faste avtalar. Eit forslag var at dei kunne tenke seg å stå i en frivilligheitsbank og bli ringt opp på bestemte behov. Faste informasjons-møter om det å vere frivillig, kurs og opplæring. «Har du lyst å vere frivillig?» (i informasjonsskrivet til 62++).
- Frivilligheita - Det er snakk om å finne rette matchen mellom mottakar og givar.

- Oversikt over frivillige lag og organisasjonar som er viktige bidragsytarar i kvardagen for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne.
Døme: revmatikarlaget, saniteten, HLF Ytre Sunnmøre, Senioruniversitetet (eksempelvis datahjelp)
- Med bakgrunn i tilbakemeldingar og innspel frå innbyggjarar ser vi behovet for at kommunen opprettar eit sørviskontor med blant anna ambulerande vaktmester/ «handyman» og digitalt verneombod for eldre.
Døme: Snømåking, strøying, hagearbeid, skifte lyspære, datahjelp m.m. Dette er tenester dei eldre er villige til å betale for.
Arbeidsgruppa viser til kommunen sitt samarbeid med aido.no.
Oppretting av jobbsentral bør også vurderast.
- Fysisk helse og aktivitet - Sjekk ut kva samarbeidsform ein kan få med treningsentra, idrettslag, turlag, frisklivsentralen, pensjonistlag, revmatikarlaget, saniteten osv. Få ei oversikt over tilboda. Det er vanskeleg å få tak på kvar og kven aktivitetane er for. Tydeleg informasjon er viktig og arbeidsgruppa foreslår at kommunen sender ut brev med informasjon om ulike aktivitetstilbod til innbyggjarane.
- Folk er opptatt av det sosiale – det å ikkje sitje aleine.
- Aktivitetstilbodet må vere variert, noko som gir god mestring og gode opplevingar. Fysisk aktivitet, sosialt nettverk, trivsel, mestring og meningsfylte aktivitetar er positivt for fysisk og psykisk helse. For å få til dette må vi ha tett samarbeid med frivillige lag og organisasjonar. Det handlar om å legge til rette for at alle kan vere aktive, både dei aller yngste og dei eldre. Ikkje minst er det viktig å legge til rette for at generasjonar møtast.

3. Mat og måltid

- Riktig kosthold gir god helse. Individuell tilrettelegging i forhold sjukdom og medisinar. Allergikarar og diabetikarar har behov for oppfølging.
- Eldre bør oppmuntrast til å fortsatt lage seg mat. Her må det tilretteleggast til hjelp av innkjøp, handling og levering av varer. Kokekurs vil skape motivasjon!
- Det er ønskeleg å få frivillige på bana, frivillige som kan tenke seg å hjelpe til å lage mat i lag med en person? Lukta av matlaging er også god helse.
- Ha respekt for kultur og religion
- I høve innspel som er kome inn, er det ønskje om heimelaga kortreist mat, og høve til eit glas vin i helga - sjølv om ein bur på institusjon.

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/kosthold-og-ernering/erneringsarbeid-i-helse-og-omsorgstjenesten>

4. Helsehjelp

- Fastlegen er viktig i møte med menneske om korleis ein skal møte alderdomen sin. Alle over 65-70 år bør kallast inn, og fastlegen må setje av god nok tid til den gode samtalen. Fastlegen må vere våken på signal om tidleg demens, psykisk helse, rus og andre sjukdomar.
- Større fleksibilitet i forhold til å spare eldre for å reise til legesenteret for å ta enkle målingar og prøver. Betre samarbeid mellom legesenteret og heimesjukepleien. Kan ambulansetenesten vere ein ressurs? - Vi kan vise til ambulansetenesten i Rørosområdet som reiser rundt på heimebesøk og tar blodprøver og blodtrykk slik at pasientane ikkje treng å reise til legesenteret. For pasienten kan det vere slitsamt å reise og om dei ikkje klarer å reise aleine er det heimesjukepleien som må vere med, om ikkje pårørande har mulighet til å følge.
- Eit tabubelagt tema er rus og vald i nære relasjonar. Ny livsstil blant oppveksande befolkning gjer at alkohol har fått større plass i sosial omgang med andre, men også om ein sit aleine heime. Auka forbruk kan føre til avhengigheit og det kan også utløyse vald. Fastlegen og andre må vere våken på rusrelaterte problem i familien, og det må opplysast kva ein kan gjere og kor ein kan vende seg for å få hjelp. (Dette bør også inn i informasjonsbrevet til 62+.)

5. Samanheng i tenestene

Basert på tilbakemeldingar og erfaringar så opplev mange eldre og deira pårørande at tenestene er for oppstykk, og at dei manglar heilheit og kontinuitet. Det er for mange tilsette å forholde seg til, og ei usikkerheit i om og når hjelpa kjem.

- Kommunen må jobbe vidare med å auke antal heiltidstilsette i helsesektoren, og dei må tilstrebe at alle stillingar er over 50% i sektoren. Oppretting av primær- og sekundærkontakt vil redusere belastninga med å ta i mot hjelp i heimen – både for hjelpemottakar og pårørande.
- Reforma «Leve heile livet» skal bidra til at tilsette opplev at dei har eit godt arbeidsmiljø der dei får brukt sin kompetanse og gjort ein fagleg god jobb. Dette vil bidra til ein betre kvardag både for hjelpemottakar og dei tilsette. Basert på erfaringar og tilbakemeldingar, er arbeidsgruppa bekymra for at den enkelte må forholde seg til alt for mange hjelparar i kvardagen. Kommunen bør sjå på nye moglegheiter for utøving av turnustenesta.
- Pårørande er også ei målgruppe i reforma. Kommunen må legge til rette for eit pårørandevenleg samfunn, og at deira rettigheter vert ivaretekne.

Oppsummering og konklusjon

Reforma «Leve hele livet» skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at dei får god hjelp når dei har behov for det, at pårørande kan bidra utan at dei blir utslitne og at tilsette kan bruke sin kompetanse i tenestene. Meldinga sitt hovudfokus er å skape eit meir aldersvenleg Noreg og finne nye og innovative løysingar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp og samanheng i tenestene.

Arbeidsgruppa fremjar sine anbefalingar basert på ein omfattande dialog- og innspelprosess. Anbefalingane set fokus på områder som Ulstein kommune kan forbetre slik at vi får ei meir aldersvenleg kommune i framtida. Anbefalingane skal legge føringar for korleis eldrepolitikken skal utviklast og gjennomførast i kommunen.